



Servitøren Caroline Wergeland(t.v.) inviterer til koselege laurdagskafèar. Her fotografert saman med Anne Marthe Richardsen i påska.

**SmakifråOska har no mykje av haustprogrammet klart, og det vert meldt om at dei poulære søndagsmiddagane held fram som før. Komlemiddagar og quiz vert det med jamne mellomrom. Nytt vert det at siste laurdagen i kvar månad byr restauranten på Carolines Kakehjørne, som kan verta ein skikkeleg koseleg møteplass på dagtid om laurdagane.**

I Carolines Kakehjørne er det servitøren Caroline Wergeland som inviterer til ei koseleg kafèstund frå kl.12 og utover. Då har ho bakt eit godt utval av kaker som ho serverer på eit buffèt. Desse kan nytast til god kaffi, og i tillegg er både aviser, yatzyblokker og kortstokkar klar for dei som ønskjer det. Det vil også vera mogeleg å få seg både ein lunsjrett og ein tidleg middag. Her er det gode muligheter for å få ein koseleg møteplass i bygda når haustmørket sig på. Dette vert altså siste laurdag i kvar månad. og det startar opp førstkommande laurdag 30.09, medan neste vert 28.oktober.

Førstkommande torsdag vert det ikkje komlemiddag, men seinare i oktober vil komlene igjen rulla. Fredag er det derimot klart for haust-quiz. Sammy er på plass med nye spørsmål, og kjøkkenet serverer ein ein god og varm Chili Con Carne laga på oksehøgrugg for dei som ønskjer noko å eta. Her er det berre å melda på lag på [rokokk@gmail.com](mailto:rokokk@gmail.com) eller telefon 91864091, og som vanleg er det flotte premiar.

Fårikål står på menyen når første søndagsmiddagen i oktober vert servert førstkommande søndag. Som vanleg er ein god dessert inkludert. Dette konseptet har blitt svært populært og har blant anna blitt omtala som 'gourmetmiddag til kafèprisar' av gjester. Seinare i oktober vert det søndagsmiddagar den 22. og 29.10. Det opnar kl.15, og til desse er det alltid lurt å bestilla bord. For dei som ønskjer ein heilaftan med festmiddag, er det berre å kryssa av 28.10. og bestilla bord. Då ønskjer SmakifråOska å servera frå dei aller beste råvarene dei kan oppdrive med en deilig drikkemeny til.

'.....det er tiden for hygge, og vi kommer til å invitere til flere arrangement hvor vi setter listen til å servere god mat, så høyt som vi klarer.

Vi snakker her om helaftener med god drikke, flere retter, topp råvarer og selskapsoppdekking. Alle kveldene vil ha et eget tema....,' skriv m.a. SmakifråOska på facebookside si. Dei melder også at det ikkje vert ope kvar veke og oppfordrar til å følgja med på facebook-side(Smakifrå) og på oppslag.

I tillegg skal vi på Uskedalen.no prøva å gje informasjon med notisar.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland

